

Tips oss på telefon 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20 - E-post: redaksjonen@strilen.no - www.strilen.no

GODT SAGT:

Livet er ein tragedie på nært hold, men ein komedie når ein ser det på avstand.

Charlie Chaplin

NAMNEDAG

Torsdag 14. mars: Mathilde, Mette, Mille
Fredag 15. mars: Christel, Christer, Chris

VËR OG VIND

Torsdag: Skiftande bris. Skiftande skydekke, utrygt for snøbyer.
Fredag: Sørleg bris, kuling på kysten. Utrygt for snøbyer på kysten, elles opphaldsver og periodar med sol. Omtrent uendra temperatur.

STINA I STØÆ

Kvinnene feira stort før helga. – og pappa var heime og vugget barnet...



Stiller ut vestlendingar i USA

Denne veka skal det opnast ei ny utstilling i sjømannskyrkja i New York. Dei som finn vegen dit, kan bli kjent med historia til utvandra Vestlendingar.

Av Anne-Lise Nordpoll

– Me har jobba med denne utstillinga sidan i haust, og gler oss veldig til å visa den fram, seier prosjektleiar Åshild S. F. Thorsen. Utstillinga Between Coast ser på korleis emigrantar frå Vestlandet har forma sin identitet i USA.

– Me har intervju 14 personar som har utvandra frå ulike plassar på Vestlandet og som i dag er busett i USA. Me har snakka med personar frå fleire stadar i Hordaland, nokre av dei har også slekt i Nordhordland, seier Thorsen.

Between Coast er ei vandreutstilling som er produsert av Vestnorsk Utvandringssenter og tek fram dei personlege historiene frå utvandringa.

– Utstillinga har premiere i New York, og skal vera i USA ei stund, så skal den til Noreg, og visast fleire stader her, før den til slutt skal enda opp som ei permanent utstilling på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta, seier Thorsen.

Gjennom bilde, tekst og digitale forteljingar får publikum høyra glimt frå livet til utvandrane.

– Me har blant anna spurt dei om kva som var grunnen til at dei utvandra og om kva forhold og førestillingar dei har til Noreg i dag.

– Og kva har de funne ut?

– Me har blant anna funne ut at utvandrane og familiane deira gjerne tek vare på norske tradisjonar i fleire generasjonar. Det er spesielt tradisjonar knytt opp til høgtider som jul og påske, og feiringa av den norske nasjonaldagen, seier Thorsen. Blant dei som er intervju til utstillinga er mellom anna Georg Hansen. Han vart fødd i New York av norske foreldre.

«Faren til Georg var med og bygde Empire State Building, men då kona og den då eitt år



FORTEL SI HISTORIE: 14 utvandrere frå Vestlandet er intervju til ei utstilling om utvandring frå Noreg til USA. Georg Hansen er ein av dei som har delt si personlege historie. (Foto: Åshild S F Thorsen)

gamle sonen vart sjuke, måtte han senda dei heim åleine med båten. Sjølv kunne han ikkje gå frå arbeidet sitt. Mor til Georg døydde kort tid etter returen til Noreg, men Georg vaks opp. Då han var tenåring møtte han skrytete norskamerikanarar, fekk «Amerikafeber» og reiste

tilbake til New York», heiter det i ei pressemelding som avisa har fått. I tillegg til den fysiske utstillinga, så skal det lagast ei nettversjon av utstillinga, der publikum sjølv kan dela si eiga migrasjonshistorie.

– Dette vil vera ei utstilling i stadig vekst, og me håpar at den

vil nå ut til mange og at mange har lyst til å dela sine historier med oss. Når det gjeld nettutstillinga, så vil ikkje den berre handla om utvandring til USA, men om migrasjon generelt, seier Thorsen til Strilen.



NOROM BRUNÆ

Når gjekk du sist på ski?



Cornelia Haugland (12)
– Sist det var snø.



Thea-Mari Haugland (10)
– Eg gjekk på langrenn sist det var snø.



Lars Innvær Ljones (10)
– Eg gjekk på ski i vinterferien. Både bortover og nedover. Mest nedover.



Kjersti-Iren Innvær Ljones
– Det var på Kvamskogen i vinterferien. Men eg skal på ski i morgon (torsdag) også. Då skal eg vera med på ein skidag i Dyrkolbotn.